

ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 10

DESEMBER 1979

29. årgang

No koma Guds englar med helsing i sky

Alle dykk borna rundt ikring i små og store grender i Orkdal har vel allereide øvd på denne salmen mange gonger no i tida framfor jul. Dagane har dykk tellt oppatt og oppatt avdi dei gjekk så altfor seint. Då far endeleg ein dag var avstad og henta juletreet da bobla det nok heilt over for dykk. Det var omlag som med mors kaffekjel. Når kaffen er blitt for ivrig og varm så boblar og koker den over. Så snart dykk fekk sjå far med treet så jubla dykk og sprang ikring han avdi hjartet var heilt fylt av glede. Heilt uråd vart det å sitte stille i to minutt, for no kom jula.

Om eg no spurde dykk born kvifor vi er så glade framfor jula, så veit dykk det alle. Mor fortalde dykk det alt dengongen dykk var bitte-bitte små. Vi er så glade fordi Jesus Kristus har fødselsdagen sin juleaften. Dykk hugser nok også at foreldra hans var på vitjing i Betlehem då han vart fødd. I denne byen var det nett då sa mange menneske og trongt om plassen at Maria og Josef ikkje hadde fått skikkeleg husrom, men berre ein stall å taka inn i. I denne stallen vart Jesus fødd. Maria hadde ikkje



JULEKVELD

*Kvar julekveld eg syng av glede
og kjenner meg så signa rik.
Guds son som barn vart fødd hernede
for skulda mi — Han meg vart lik.
Kvi skulle eg då ottast meir?
Han frelste meg og mange fleir.*

*Eg les det høgt i bibelordet,
Gud elsker meg slik at han gjev
sin son som lam til offerbordet.
Ei kjærleiks von, ei tru eg hev.
Kvi skulle eg då ottast slik?
som Jesus fekk verta lik.*

*Mi synd var stor som høge fjellet,
eg dømd og slegen, einsam sto.
Då tok han over sjelestellet.
Å Frelsar min, kor du er go!
Kvi skulle eg då ottast her,
når Jesus Kristus har meg kjær?*

*A sæle englehærars vrimmel
med gledesbodska: «Fred på jord!
Ein Frelsar komen er frå Himmel,
Med menneskja Guds hugnad stor».
Kvi skulle eg då ottast her
som syngja kan: «Guds æra er».*

K. R.

nokon annan stad å legga guten sin enn opp i forbåsen til eit av dyra der i stallen. Likevel var nok Maria veldig glad over at guten var fødd, og endå gladare vart ho nok då det seinare på kvelden kom tri kongar frå nokre land langt borte for å sjå på guten hennar. Desse kongane hadde med seg rike gåver til Jesus og dei tilbad han. Desse kongane hadde nemleg lang tid føre-åt fått vita av Gud at Jesus, Guds son skulle verta fødd. Slik så ville dei avstad for å få sjå denne kongssonen av Davids ætt. Gud sjølv tente ei stjerne som skulle leida dei rett veg. «Stjernen ledet vise menn, til den Herre Kristus hen», veit dykk vi syng i ein julesong. Men enda kom det nok fleire gjester til Maria og Josef i stallen denne kvelden. Nokre gjætarar som passa ein saueflokk utanfor Betlehem fekk høyra den aller første julesong som har vore songe på jord. Ja, du veit nok at det var englar som song den. Ikkje to, eller tri englar, men ein himmelsk hærskare, står det. Veit du kor mange det er i ein hærskare? Å nei, det er det vel ingen som veit. Det er så mange at dei fylte heile

(Forts. s. 2)

SLEKTERS GANG

Døpte



Orkdal.

02.11. Egil Reberg (d. domk. i Tr.h.)
04.11. Bjørn Sverre Linge (d. Rissa k.)
25.11. Robet Selnes
Ola Heien Solem
Eva Anita Sæthre

Orkanger

18.11. Oddbjørn Midttømme
Martin Ulvær
Merete Røli Brandli
Asgeir Skålholt
Tone Pedersen
Kim Grande

Vigde



Orkland.

17.11. Ove Roar Buan og
Sigrid Anita Rye

Døde



Orkdal.

02.11. Arnold Evjen f. 1923
05.11. Jakob Samgkott f. 1907
06.11. Henrik Aunemo f. 1887
13.11. Marta Knutsen f. 1895
19.11. Oline O. Furuhaug f. 1895
21.11. Gurine Bakken f. 1903
John Ry f. 1906

Orkanger

01.11. Margit Breunig f. 1904
02.11. Peder Størseth f. 1909
08.11. Edmund Henden f. 1909

No koma Guds englar - - -

Forts. fra s. 1

himmelkvelven og ingen kunne telle dei alle. Da måtte det vera ein sværande fin song dette koret song. Enno kan menneskja fyrste verset på denne englesongen. Om du tar med deg mor og far til kyrkja ein søndag, så får dykk heilt sikkert høyra den. I kvar einaste gudsteneste så syng vi dette verset: «Ære være Gud i det høgste, og fred på jorda i mennesker Guds velbehag».

Då gjætarane hadde høyrd denne songen sprang dei så snøgg dei kunne til stallen for å få sjå barnet. Og då skal eg tru det vart trøgt om plassen, når heile gjætarflokket kom. Men Maria og Josef ordna så alle fekk koma inn.

Og no vil eg spørja dykk borna. Veit dykk kvifor Jesus kom til jord? Han kom for å være Frelsar for oss menneskja. Han kom for å taka straffa for alt det vi menneske gjer gale. Det gjorde han på krossen. Så kom også Jesus for å gjera oss snille, og han kom for å frelsa oss til sitt rike. På skolen har dei største av dykk lært eit skriftord som vi kallar DEN LILLE BIBEL. Johs. 3. 16. Dette ordet fortel oss menneske nøyaktig kvifor Jesus vart fødd for 1979 år sidan: «Så har Gud elska verda at han ga Son sin den einborne, forat kvar den som trur på Han ikkje skal fortapast men ha evig liv».

Søndag er kirkedag
Skal din plass
stå tom?

Julebod



Ein gong for lenge sidan
Guds englar song i sky:
Halleluja! Jordeborni
Guds fred no få på ny!

Velsigna Himmelsonen
Kjem med frelsarbod!
Halleluja! Han er no komen
som leida vil vår fot!

Halleluja! Halleluja!
Frelsaren er født!
No kan me atter vinna
Fred i all vår naud!

M. A.

GAMLE ORDTAK

Få ord og fyndige — er bedre enn mange og myndige.

Den som trur at ein kan utretta alt med pengar — kan freista å flyga utan vengar.

Arbeid gjev kort dag og langt liv.

Rikdom er som saltvatn — dess meir du drikk — dess tystare vert du.
Ein gong sett — er ti gonger tenkt.
Betre føre var enn etter snar.
Uta blank — inna krank.

Tider skal komme,
Tider skal henrulle,
Slekt skal følge slekters gang,
Aldri forstummer
Tonen fra himlen
I sjelens glade pilgrimssang.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld
7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad
Redaktør:
Kaare Rogstad
Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.
Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gåver og kontingent.

Ekspedisjon:
Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

Takkar du?

Borna får ofte dette spørsmål. Takka du? Dette spørsmål er det turvande å kome med til oss som er vaksne og ferdast i kyrkje og bedehus også. For han som høyrer alt får høyre akk og lite takk. Nå skal vi andsynes dette spørsmål ikkje vere så opptekne at vi berre tenkjer på dei andre. Kva må du og eg svare når vi får dette spørsmål. Takkar du? Den som då lyt svare det er lite eg takkar Gud. Det er mest akk og lite takk som kjem frå meg.

Den som må svare så må kome i hug at Gud i sitt ord har pålagt oss og takke han, og vi skal takke for alle ting. 1. Tes. 5-18. Den som ikkje takkar Gud for alle ting, gjer synd, for da kjem ein i motsetning til Guds ord. Og synd må erkjennast og bekjennast om den skal kome bort. Når vi stoggar fram for dette at vi skal takke for alle ting, så har den tanke lett for å kome. Det er umogleg og eg greier ikkje å takke for alle ting. For det første må vi da kome i hug: Er det umogleg å takke Gud for alle

Romvitenskapen og Bibelen

Et nytt bevis for at de mest utrolige ting i Guds ord er fullt pålitelige.

Vet de at romfartssentrene er opptatt med å bevise at det som noen kaller bibelske «myter» er sannet? Harald Hill, direktør for Curtis Engine Company i Baltimore og rådgiver i romforskningsprogrammene, forteller følgende:

«Jeg tror at en av de mest fantastiske ting som Gud har for oss i dag, hendte nylig våre romfarere og verdensromforskere i Green Belt, Md. De holdt på med målinger av solas, månens og planetenes posisjoner i verdensrommet og hvor de ville befinne seg om 100 år fra nå. Vi må vite dette så vi ikke sender opp en satelitt og risikerer at den siden kolliderer med et eller annet under sitt kretsløp. Vi må planere satelittens bane for hele dens levetid. Vi må regne ut hvor planetene vil være, så det hele ikke mislykkes.

Forskerne kjørte århundrers computermålinger for århundrer fram og tilbake gjennom data-maskinen, men kom ingen veg. Computeren stoppet og viste rødt signal. Dette betydde at noe

var galt enten med opplysningene den ble matet med, eller klassifiseringsstandardene. En kalte inn serviceavdelingen, som fant alt i orden. «Hva er galt», spurte sjefsoperatøren for IBM. «Vi er kommet til at det er en dag borte i verdensrommet i den forløpne tiden.» Alle klødde seg i hodet. Det var ikke noe svar.

En «religiøs» mann i gruppen sa: «Vet dere, da jeg gikk på søndagsskolen, talte de om at sola en gang sto stille!» Ingen trodde ham, men de hadde ikke noe svar og sa: «Vis oss det!» Mannen fant fram Bibelen og slo opp i Josvas bok, kap. 10, hvor de fant en latterlig beretning for alle med sunn fornuft. Der leste de at «Herren sa til Josva: Vær ikke redde dem (fienden)! Jeg har gitt dem i dine hender, ikke én av dem skal kunne stå seg mot deg» (vers 8). Josva var engstelig fordi han var omringet av fienden og for at denne ville overfalle dem i mørket. Så Josva ba Herren la sola stå stille.

«Og sola sto stille, og månen

(Forts. s. 20)

ting, så hadde det ikkje stått i vår bibel at vi skal gjere det. Dette å takke for alle ting kjem i eit anna lys når vi stoggar ved Rom. 8-28. Alle ting tener dei til det gode som elsker Gud, da må vel Gud ha rett til å krevje at det vert takka for alle ting. Ser ein at det har vore mykje akk og krav til Gud, og lite takk, da lyt ein i bøn vende seg til Gud og erkjenne og bekjenne at ein har synda mykje med dette, og ikkje takka. Gjer ein det så vil ein få synds tilgjeving, og da blir det som dette vitnemål ber bod om. Eg såg berre grunn til å klage, og det gjorde eg. Det vart berre akk og krav som steig opp frå mi sjel. Da kom ei natt Anden til meg og spurde: Du som har så mykje å klage for, finst det ikkje noko du kan takke for? Og da fekk eg sjå alt i eit nytt lys. Det vart då mykje å takke for. Det høyses utruleg ut, men det er sant. Det eg før hadde brukt som klagegrunn, blei nå grunn til å takke for. Det utvikla seg slik at eg ikkje fekk noko å klage om. Eg måtte takke for alle ting, og da blei det ikkje tid og rom til å klage.

L. B. Aasen

Den hellige natten

Av Selma Lagerlöf

Det var juledag, og alle var kjørt til kirke unntagen farmor og jeg. Jeg tror vi var ganske alene i hele huset. Vi hadde ikke fått lov til å kjøre med, fordi den ene var for gammel, og den annen ikke gammel nok. Og vi var begge to bedrøvet over at vi ikke kunne komme med og høre fro-

prekenen og se julelysene.

Men som vi satt der i vår ensomhet, ga farmor seg til å fortelle:

Det var engang en mann som gikk ut i den mørke natt for å låne ild. Han gikk fra hus til hus og banket på. Kjære hjelp meg, sa han, min kone har nettopp

født et barn, og jeg må tenne ild opp for å varme henne og den lille.


Men det var dyp natt, så alle mennesker sov. Ingen svartet ham. Mannen gikk og gikk. Til slutt oppdaget han et lysskjær som av ild langt borte. Han vendte da sin skritt i den retning, og så skjæret kom fra et bål som brente på marken. En mengde hvite får lå og sov omkring ilden, og en gammel gjeter satt og vokter hjorden.

Da mannen som ville låne ild, trådte hen til fårene, så han der lå tre store hunder og sov ved gjeterens føtter. De våknet alle tre da han kom og åpnet sine store gap som om de ville gjø, men der høstes ikke en lyd. Mannen så at de reiste børster, han så at deres skarpe tenner skinte hvite i ildskjæret, og at de for løs på ham. Han følte at en av dem slo tennene i hans ben og en i hans hode, mens den tredje bet seg fast i hans strupe. Men kjevene og tennene som hundene skulle bite med, ville ikke lystre dem, og mannen led ikke den minste skade.

Nå ville mannen gå videre for å få det han var kommet etter. Men fårene lå så tett opp til hverandre — rygg mot rygg — at han ikke kunne komme til. Da trådte mannen opp på fårenes rygg og gikk over dem hen til ilden. Og ikke ett av dem våknet eller rørte på seg.

Da mannen var nådd nesten helt hen til ilden, så gjeteren opp. Han var en gammel, gretten mann, uvennlig og hård mot alle mennesker. Da han så en fremmed nærme seg, grep han en lang spiss piggstav som han pleide å støtte seg til når han jaget fårene på gress — og kastet den henimot mannen. Og piggstaven for hvinende like mot ham, men

Forts. s. 6



Søndag er Herrens dag

«Herrens dag» er dagens nye navn i Det nye testamente. Oppstandelsen og Ånds-utgydelsen gjorde alt nytt, også hviledagen. Kristus er selv solen som legger dagen i glans. Men nettopp som sådan er og forblir han også «Menneskesønnen» som er Herre over dagen. Vi har ingen rett til å lese hans berømte ord som om det stod at «mennesket er herre også over sabbaten». Han alene rår både over sabbaten og over oss.

Og i dette «Herrens dag» ligger kanskje til sist det hele best uttrykt. Vi kan ikke ha noen Herrens dag før vi har en Herre. Og vi praktiserer Herrens dag rett akkurat i samme grad som vi realiserer det rette tjenestens forhold til Kristus som Herren over alle våre dager.

Johannes Smemo.

Hver dag møter jeg oppgaver som skal løses. Nå gleder jeg meg til disse oppgavene, er spent på hva de inneholder og om jeg kan klare dem.

Før trodde jeg det var best å komme unna en oppgave, være syk når det var prøver på skolen, være borte når noe skulle gjøres. Nå har jeg lært at hver eneste oppgave jeg får, hjelper meg til å vokse, lærer meg å leve helt. Noen ganger blir vi tvunget til å gå utenom, men best er det hver gang vi virkelig får prøve kreftene, styrke kreftene.

Juks er en måte å komme unna på, men juks er også et tap. Dagens oppgave er ferdige. Jeg stryker dem ut. Men heldigvis: I morgen møter jeg nye!

Ef. 2, 10:

FOR VI ER HANS VERK
SKAPT I
KRISTUS JESUS
TIL GODE GJERNINGER
SOM GUD PÅ
FORHAND
HAR LAGT TIL RETTE
FORAT VI SKAL GÅ
INN I DEM



I «Denne søte juletid» tar vi med et lyst minne fra i sommer. Det er pensjonister og andre fra Orkanger som er samlet på trappa foran Søvassli Ungdomssenter. Vi som var med sier: takk for sist. Samtidig minner vi om at eldretreffene i Askeladden fortsetter og du som har lyst er velkommen.

Vart svar skuldig.

Ein gong Voltaire var på vitjing i Prøyssen tala han vyrdlaust om åndelege og evige ting. Til slutt sa han: — Eg sel plassen min i himmelen for ei mark!

Ein framstående mann i laget greip ordet og sa:

— Min herre. No er De i eit land som har ein gamal regel om at ein som vil selja noko, lyt godtgjera eigdomsretten til det han byd ut til sal. Kan de godtgjera at De har ein plass i himmelen? I so fall og soframt De vil selja han er eg for min part viljug til å kjøpe han for kva det skal vera.

Det vert fortald at Voltaire vart han svar skuldig.

Den hellige natten - -

Forts. fra s. 4

innen den traff ham, bøyde den til siden og suste forbi ham langt ut på marken.

Nå kom mannen hen til gjeteren og sa til ham: Kjære hjelp meg, og lån meg litt ild hos deg! Min hustru har nylig født et barn, og jeg må ha ild for å varme henne og den lille.

Gjeteren hadde mest lyst til å si nei. Men da han tenkte på at hundene ikke hadde kunnet gjøre mannen noe ondt, at fårene ikke hadde løpt sin vei, og at hans piggstav ikke villet felle ham, ble han så underlig redd og tørde ikke nekte ham hva han forlangte. «Ta så meget du behøver», sa han til mannen.

Men ilden var nesten utbrent. Det var ikke en eneste brann tilbake, bare en stor haug med glør, og den fremmede hadde hverken skuffe eller noe annet han kunne bære de glødende kull i.

Da gjeteren så det, sa han: Ta så meget du behøver! Og han gledet seg over at mannen ikke kunne få noen ild allikevel.

Men mannen bøyde seg ned, samlet glørne opp av asken med sine bare hender og la dem i kappen sin. Og glørne brente ikke hans klær da han rørte ved dem, heller ikke svidde de hans kappe, men mannen bar dem bort som om de hadde vært nøtter og epler.

Da nå gjeteren som var så ond og sint menneske, så alt dette, spurte han forundret seg selv: Men hva er da dette for en natt, siden hundene ikke biter, fårene ikke lar seg skremme, spydet ikke dreper — og ilden ikke brenner? Han kalte den fremmede tilbake og sa til ham: Hva er dette for en natt? Og hvorav kommer det at alle viser deg barmhjertighet.

Da svarte mannen ham: Jeg kan ikke si deg det når du ikke kan se det selv. Og han skyndte seg bort for så hurtig som mulig å skaffe sin hustru og barnet varme.

Men gjeteren sa til seg selv, at han ville ikke tape mannen av syne, før han fikk greie på hva

alt dette skulle bety. Han reiste seg opp og fulgte etter mannen, til han kom til det sted hvor han hørte hjemme.

Da så gjeteren at mannen ikke hadde så meget som en hytte å bo i. Men han hadde sin hustru og barnet liggende i en klippehule, hvor det ikke fantes annet enn de bare, nakne stenveggene.

Men gjeteren tenkte at det stakkars uskyldige barnet kanskje ville fryse i hjel der i grotten, og skjønt han var en hård mann, ble han rørt og tenkte han ville hjelpe barnet. Og han tok sin ransel ned av skuldrene, og ut av den tok han et hvitt og bløtt fåreskinn, ga det til den fremmede mannen og sa at han skulle la barnet sove på det.

Men i det samme øyeblikk han viste at også han kunne være barmhjertig, ble hans øyne opplatt, og han så hva han før ikke hadde kunnet se, og han hørte hva han før ikke hadde kunnet høre.

Han så at rundt omkring ham sto en tett ring av små hvite engler med sølvhvite vinger. Og hver av dem hold en strenglek i sin hånd, og alle sang de med høy røst at i natt var Frelseren født, han som skulle frelse verden fra deres synd.



Deilig er jorden,
Prektig er Guds himmel,
Skjønn er sjelenes pilgrimsgang!
Gjennom de fagre
Riker på jorden
Går vi til paradys med sang.

Da forsto han hvorfor alle ting var så glade i denne natt, og at de ikke ville gjøre noe ondt. Og det var ikke bare rundt gjeteren englene sto. Over alt hvor han vendte sitt blikk, så han dem. De satt inn i grotten, og de satt utenfor på fjellet, og de fløy under himmelen. De kom gående i store flokker henover veien. Og når de kom forbi grotten, ble de stående for å kaste et blikk på barnet. Det var slik en uendelighet av jubel og glede og sang og lek. Og alt dette så han i den mørke natt, hvor han før ikke hadde kunnet skimte noe som helst. Han ble så glad over at hans øyne var blitt opplatt, at han falt på kne og takket Gud.»

Men da farmor var kommet så langt, sukket hun og sa: Men hva gjeteren så, det kan vi også se, for englene kommer flyvende ned fra himmelen hver julenatt, hvis vi bare får øye på dem.

Og så la farmor sin hånd på mitt hode og sa: «Dette må du ikke glemme, for det er like så sant som jeg ser deg og du ser meg. Det er ikke lys og lamper det kommer an på, og det er ikke måne og sol som er det vesentligste, men det som er fornødent, er at vi har øyne som kan se Guds herlighet.

Englene sang den
Først for markens hyrder;
Skjønt fra sjel til sjel det lød:
Fred over jorden,
Menneske fryd deg!
Oss er en evig frelser født!

Presten og sjukehuset

Heil frå sjukehusets første tid dengong sengetalet var lite og talet på tilsette var oversiktleg — har soknepresen vore sjukehusprest. Kvart etter som sjukehuset voks og fekk mange avdelingar og opp mot andre hundretalet pasientar, sa det seg sjølv at soknepresten åleine ikkje kunne makta sjukehusstenesten fullgodt. Dei siste åra har difor både res. kap. og kalls. kap. og kateket tatt sine vakter på sjukehuset på lik line med soknepresten. Frelsesoffiseren har også hjulpet til.

Tenesten på sjukehuset dreier seg om tre slag tenester.

1. Mest lagt merke til av pasientane blir vel andaktene. Kvar onsdag året igjennom er det andakt på ein av avdelingane og med overføring på sjukehusets høg-talarlegg. Desse andaktane er svært godt besøkt om enn ikkje like stabilt til kvar tid. Ein kan fort sjå om det er mange oppegåande sjuke eller ikkje.

2. På andaktkveldane vil presten stå til disposisjon for avdelingane i ca. 2 timar. Slik er det vel helst at dei tilsette på sjukehuset legg merke til at presten har sin vandring omkring. Ugjerleg er det sjølv sagt å vitja alle rom. Det prøver vi ikkje på heller, men vi får på forskjellig vis informasjon om kven som ønskjer vitjing eller som treng det. Her kan vi ikkje fullgodt nok rosa sjukepleiarane og helst da avdelings-sjukepleiarane for god formidling. Men ofte er det også dei pårørende som gjev presten melding om folk som ønskjer besøk.

3. Den tredje tenesten, som kanskje resepsjonens folk mest legg ans på, er når presten blir oppringt om ei vitjing det hastar med, dette som på fagspråket kallast soknebod. Anslagsvis ein fjerdedel av purringane frå sjukehuset gjeld spørsmål om nøddåp. Resten var da tilkalling til pasientar som anten ville ha nattverd eller kjente stort behov for å få samtale med nokon som kunne hjelpa dei til å «finna vegen til

Guds rike» — for å sitera ei pasientuttale. Forøvrig kan det vera høgst forskjellige vanskar mennesker vil tale med presten om. Det varierer frå det vi kan kalle rein sjelesorg, til spørsmål i sosialektoren og reint medmenneskelege, kvardagslege ting.

Symtomatisk er det at sjuke som har sine pårørende så langt borte at dei sjeldan og aldri får besøk, treng prestens vitjing først.

Så mykje kan ein segja om prestane sitt virke på sjukehuset vårt at vi nok ikkje greier å dekke det heile behov, om vi aldri så gjerne ville. Kvar einaste gong vi går heim frå sjukehuset, så har vi noko som nærmer seg dårlegt samvit, avdi vi veit så mange fleir som både ynskjer og treng besøk. Men så kjenner ein si eiga begrensning og må eingong bryta av. Veks sjukehuset vårt aldri så lite til, så må vi få ein eigen sjukehusprest. Eg som skriv dette er heilt viss på at når vi no har fått sjukeheimen på Fannrem fullt med 100 pasientar så skulle eg ha hatt alle dagar fylt med sjelesørgararbeid der og på sjukehuset, om eg berre kunne ha nytta tida slik.


Alle pasienter som vert innlagt på sjukehuset får ein folder utlevert der alt dei treng vite om sjukehuset og rutinen der — står. Om prestetenesten står det:

Andakter:

holdes på faste steder, til bestemte tider og kan høres over puteradioen.

Se oppslag eller spør pleiepersonalet. Dessuten holder kor og musikklag møter og besøker de enkelte avdelinger.

Nattverd meddeles gjerne på sykerommene. Kontakt med prestene fåes også gjennom sykepleier. Vær ikke redd for å be sykepleier gi beskjed til presten om at besøk ønskes.



Kjolen
finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikkassetter
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det
gjeld trykking av blad, tids-
skrifter, forretningstrykk
m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Trelast og bygnings-
artikler på lager.

Gunstige priser

Orkdal
Sag & Høvleri
Tlf. 82265

Joh. Gjønnnes

Mek. Verksted - Jernindustri A/S

Produksjon av maskiner
og redskap for
landbruket.

LOKALINFORMASJON
TIL «LAVPRIS»

Pr. termin (4 mnd. kr. 60,—
Pr. årkr. 180,—

Sør-Trøndelag

John
ROHME

7300 Orkanger

SKOTØY
for hele familien.

Ingv. Solbu efft.

Orkedalsveien 71
7300 Orkanger
Tlf. 80116

Audi 
Din VAG forhandler
Grendahl Auto
Fannrem - Tlf. (074) 82590

Per Asphjell

gammelklokkaren ved Grottekyrkja var ein av dei som frå vår bygd kom i tysk fangenskap under den siste verdskrigen. Han og huslyden hans budde den gongen i Brattlia i Solsjø-bygda. Det heile tok til ein haustkveld i 1943 med at P. A. hjalp ein tysk soldat som hadde desertert til å koma vidare. Soldaten vart seinare tatt i Gauldal og under pinsame forhold kom det for ein dag at P. A. mellom andre hadde hjulpet han. P. A. har seinare skreve ei bok om hendingane og Menighetsbladet har fått lov til å sitera bruddstykker frå boka.

I fengsel.

Det var tredje juledag 1943. Me var ferdig med høgtidsdagane, men me heldt helg denne dagen óg. Me kosa oss inne heile huslyden, mann, kone og born. Etter middag ville eg gå ein tur til Espåsen, fremste garden i grenda. Da eg gjekk forbi stuggu i Grøsgjerdet, gløtta mannen i huset, Johan Grø, på glaset og stansa meg. Han hadde nettopp fått ei helsing åt meg over telefon frå ein kjenning på Monsetjåren, — Arne Solem. På tur til Svorkmo hadde han møtt ein hop tyskarar som spurte etter vegen til Brattlia. Han meinte det var bra at eg var budd på førehand, når det kom slike framandkarar til gards.

Me fekk såleis ei stund til å områ oss, om det var så dei ville taka meg med seg att. Eg kunne sjølv sagt ha gjøymt meg vekk. Eg kunne ha teke skia og stroke til skogs eller til bygds. Men slikt var det ikkje nokor hjelp i. Det ville nok berre gjera det verre for dei andre. Eg ville heller ikkje tru at saka var så alvorleg at det skulle føra til fangenskap.

Det var ei trist stemning i stua, da me såg denne utrivelege, grønklede hopen koma oppover gardsvegen. Dei gjorde sannleg ein brå ende på julegleda vår.

Eg laut gjere meg i stand og følge med ein gong. Eg kledde meg i skibukse, tjukke hosor og beksaumsko. Ovantil tok eg på meg ei varm luskoft som kona

mi nyss hadde strikka åt meg og utanpå der ei skinnrøye. Det synte seg mange gonger seinare at det var bra å vera godt kledd. Eg fekk lov til å ta med meg ein ryggsekk med ymse utstyr i.

Det var ei tungsam stund da me drog ut døra. Eg måtte tenkje på eit bilete som hang på veggen heime, da eg var gutonge. Det synte ein soldatkledd kar med pakka ransel. Kring han sto kone og to tri born og gret. «Soldatens avskjed» stod det under.

Karane gjekk berre til fots. Det var svært glatte vegar ned mot dalen, så dei hadde sett att bilen på Talleråsen. Da me kom til Grø, fekk Johan ordre om å sele på hest og skyss oss vidare. Han tok Blakken og langslåen og gav oss frisk skyss framover Asphjell-lykkjene, forbi Solåsen og Hong slo heilt til bilen. På Talleråsen ville følget vårt inn og verme seg og hefte litt på før dei kjørte til byen. Nede i Orkdalen kjørte me forbi barndomsheimen min, Klemmetsmoen. Eg ymta frampå om å få sjå innom folket mitt, men nei, dei gav ikkje lov til nokon kontakt.

Vollan.

Da me kom til Trondheim, var me ein snartur innom Feldgendarmeriet på Lade. På venteromet der treffe eg fleire karar som var til forhør i same saken. Somme frå Hølonde og somme frå Gauldalen. Ein av dei som eg vart serleg god ven med, var Erik Bollandsås. Det var hos han rømlingen sat og fekk seg mat, da dei tok han.

Om kvelden vart me alle innsett på Vollan. Fengslet var overfylt, og me vart lagt på flatseng oppe på kvisten. Det var eit stort rom som gjekk over heile bygninga. Over hovudet på oss var det røstbukkar og takåsar. Eg tenkjer me var millom 80 og 100 mann strødd utover det store golvet.

Da me hadde kome oss til ro på treullputane våre, tok eg fram lommeltestamentet mitt og las litt i det. Etterpå smetta eg det opp i ein av beksaumskoene mine som stod ved hovudgjerda.

Erik, som låg straks bortanfor meg, var vitne til dette. Han retta handa mot skoen og spurte: «Kva har du der?» «Testamentet mitt, vil du låne det?» sa eg. Han gav meg ein varm smil og sa: «Eg har eit sjølv.» Å, tenkte eg, du har den trøsta du og. Eg kjente meg ikkje lenger åleine millom alle desse framande. Etter dette vart det så trygt og godt å legge seg til å sove. Det sanna seg det som står i Ordspr. 17. 17. «Det blir fødd ein bror til hjelp i nød.»

Erik og eg fekk mykje med kvarandre å gjera. Seinare på vinteren, i fengslet på Dombås, vart me sitjande toine på selle, og eg hadde mykje glede og utbyte av samværet med denne røynde kristenbror.

Dombås.

Ein dag først på nyåret 1944 vart alle som hadde med Henzesaka å gjera samla saman og sette på toget til Dombås. Alt i alt var det 10-12 mann som kom frå bygdene sør for Trondheim. Ein av naboane mine var og med. Attåt dette hadde dei henta to mann frå Kristiansund. Det var framleis folk frå militærpolitiet som vakta oss. Det var ei trøst at det ikkje var gestapo. På toget fekk eg plass attmed ein ung feldgendarm, som hadde vore med den dagen dei henta meg inne i Brattlia. Han gav seg i snakk med meg, og kom inn på denne turen han hadde vore med på til heimen min tredje juledagen. Det hadde sett seg fast eit kvart i minnet. Hendinga hadde gjort inntrykk på han. Dette at dei hadde trengt seg inn i ein einsleg, fredelig heim langt inni marka og ødela ein idyll. Han hadde merkt seg kor fortvila kona mi var, og kor forskremt borna tedde seg. Han ville visst gjerne eg skulle sjå det slik at det var ikkje av eigen fri vilje han hadde vore med.

På Dombås hadde tyskarane ein stor brakkeleir i ein furuskog tett nedom kyrkja. Der hadde dei og eit soldatfengsel. Eg kallar det soldatfengsel, for det synte seg at dei i dette fengslet hadde

svært mange av sine eigne som hadde forbrote seg på ein eller annan måte. Eg trur militærdomstolen, som heldt til der, hadde fullt opp å gjera med saker frå Wehrmacht.

Det var ei fengselsavdeling i to høgder bygd av tre. I første høgda var det ein gang etter midten og seller til både sider. Andre høgda var ikkje ferdig innreidd, men såg ut til å skulle få same skapnad. I sidefløya var det rettsal. Mot bakveggen der var det eit oppbygg, podium. Der stod eit langt bord og høgrygga stolar til domarar og lakeiar. Bak dei oppe på veggen var det eit hakekors og ein tysk ørn i stort format.

Da me kom til fengslet om kvelden, vart me grundig ransaka. Dei tok millom anna av oss skoene og slo dei hardt i golvet, for å sjå om me hadde gjømt vekk eit eller anna der. Etter denne ransakinga vart me putta to og to på selle. Naboen min og eg var eit stykke bak i køen. Da me såg korleis dei gjorde det, vart me samde om å halda oss nær kvarandre, så me kunne få rom saman.

Eg vart ført bort først, og da eg kom inn på sella sat alt Erik kjenningen min frå Vollan der. Det var gledeleg. Det var slett ikkje Kleinare å få han til sellekamerat. Da døra vel var stengt attom meg, sa han: «Så du kjem no, ja. Eg sat nett og bad til Gud eg no at du måtte koma.»

Denne hendinga vart for meg ei påminning om at det var ikkje vår vilje, heller ikkje var det tyskarane sin som skulle skje. Det er ei høgre og sterkare makt som tek seg av oss, og som let alt skje etter sin vilje på tross av alle andre makter. Dette var ein ting eg fekk erfare mange gonger i tida som kom.

Eg visste ikkje da kva eg skulle møte av fangenskap og plagar, men eg har tenkt på det etterpå: Eg trong denne tida på Dombås saman med ein eldre og røynd kristen, så eg kunne bli styrka i trua, og få den tiltru til Guds allmakt som seinare heldt meg

oppe under mange slag vanskeleg tilhøve.

Her i fengslet fekk me gå i eigne klær, men alt anna me hadde, måtte me gjeva frå oss. Ikkje ein gong det vesle lommeltestamentet fekk eg ha. Det var eit sakk, men det gjorde ikkje så mykje likevel. Erik kunne så mykje av Bibelen utanboks, så me vart aldri «matlaus» på den måten. Det var ei glede og ein styrke å vite at me hadde noko verdfullt som desse maktglade folka ikkje kunne ta frå oss. Erik var og ein god songar, og han hadde mange åndelege viser og songar i hovudet. Men det var ikkje lovleg å synge. Hørte vaktene song frå sella, kom det ein og banka i døra. Heilt stillt vart det no likevel ikkje. Me kunne synge pianissimo. Eg lærte fleire songar av Erik der. I det heile, me hadde ei gild tid i lag, og det var heller høgt under taket i det tarvelege rommet somme gonger. Når me bad saman og nynna «Blott en dag, ett øyeblikk om gongen ...» så hadde me det godt.

Båe to tenkte me mykje på dei me hadde heime, men me visste at Han som var med oss, han visste óg om dei.

Nr. 787

FORSIKRING

Hus, hytte, innbo, motorvogn, båt, maskiner, avling. Landbruk, butikk, industri. Kombinererte forsikringer. Ulykke. Reise. Ferie/Fritid. Rettshjelp. Bygningskasko. UNI-forsikring.

Livs- og pensjonsforsikring i samarbeid med livsforsikrings-selskapet ANDVAKE.

 **Norges**
Brannkasse

Tlf. nr. 80800 - 80878

Speiderarbeidet i Orkdal

Vi opplever en opptrapping av speidervirksomheten i vår menighet som bør glede alle. Svorkmo og Evjen har både KFUK- og KFUM-speidergrupper, Fannrem har KFUM-speidergruppe og Orkanger har 1. Orkdal tropp av Norges Speiderforbund — alle i vekst.

Det er vanskelig å angi noe eksakt medlemstall, fordi det siden siste årsrapport stadig er kommet til nye jenter og gutter. Men tallet for hele menigheten ligger antakelig nå på 130 - 140.

Hva kan så grunnen være til en slik gledelig utvikling? Jeg tror svaret ligger i følgende fakta:

— Gud ser at Han også kan bruke speiderbevegelsen for sin riks-sak.

— Gud har kalt til tjeneste i dette arbeidet.

— Behovet for fastere normer og en mening med livet er forsterket i et materialistisk samfunn med åndelig fattigdom.



Speidere fra Orkanger, Evjen og Fannrem samlet etter opptaksseremonien.

— Ansvar føles så sterkt at speiderorganisasjonene har satt igang større ekspansjonsplaner. Dette kan en f.eks. se ved et klipp fra «Ny Dag» nr. 19 -79, hvor det står:

«En felles ekspansjonsplan er utarbeidet av Norges KFUK- og Norges KFUM-speidere. Som motto for denne plan har man valgt: «Ville, Virke, Vokse.»

VILLE,

Vi vil ekspandere for at flere barn og unge skal få del i speidingens verdier; praktiske, fysiske, moralske og kristne. Mer enn noen gang er det behov for å hjelpe den oppvoksende generasjon til å finne meningen med livet. Ekspansjon er misjon. Det er et ledd i å gå ut og gjøre alle folkeslag til Hans disipler. Har man tro på speidingens program, må man VILLE nå stadig flere med det.

VIRKE,

Noen ganger kommer ekspansjonen av seg selv. Plutselig skyter nye skudd opp av jorda. Men normalt skjer dette bare der det er sådd og er god jord. I upløyet mark må vi VIRKE for å nå flere. Dette gjelder både når man skal styrke eksisterende enheter (indre ekspansjon) og ved nystart (ytre ekspansjon). Det



Fra speideropptak i Orkdal kirke 28.10. d.å.



er ønskelig at KFUK- og KFUM-speiderkretsene her går sammen om oppgavene. Det er også ønskelig og nødvendig at det blir stadig bedre kontakt mellom NKUF-kretsene og speiderkretsene.

VOKSE!

Målet er at vi skal vokse. La indre og ytre ekspansjon bli en målsetting for oss alle i tiden fremover. Gjennom denne virksomheten VOKSER vi også som kristne, ansvarsbevisste mennesker som kan gjøre en innsats i hjem, kirke og samfunn.»

Å være speiderleder krever mye fritid, men det gir også vel-signelser. Alle grupper i Orkdal trenger flere ledere. Fannrem kommer spesielt i vansker til våren, da en av de to lederne skal avtjene verneplikt for 1 år. En leder alene med «ulveflokk», «speidertropp» og «roverlag» er nesten uoverkommelig. Til deg som føler at du som kristen vil gjøre en tjeneste i Jesu navn: Kom og hjelp oss! UNN DEG SELV Å BLI SPEIDERLEDER.

Tore Dalen

Gruppeleder i 1. Fannrem KFUM



Livets kilde

For en tid siden holdt en vitenskapsmann et foredrag i en ungdomsklasse. Gjennom bilder og tale fikk elevene se inn i naturens vidunderlige verden. Men, sa professoren; selve livet har vi ikke noen forklaring på — livets kilde. — Der står vi foran en stengt dør.

Da sa en av elevene: Herr professor: Er det bak den døren Gud er? — Professoren som var ateist hadde ikke noe svar å gi. Det er bare en eneste som har gitt svar på det spørsmål — Jesus Kristus. Han som kom fra den evige verden og levet tiden blant menneskene for at vi skal leve evigheten sammen med ham.



Når Jesus møtte de sørgende søstre i Betania som hadde mistet sin bror sa han: Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg skal leve om han enn dør.

Derfor er evangeliets budskap: «Så har Gud elsket verden at han ga sin sønn den enbårne, for at hver den som tror på han ikke skal fortapes, men ha evig liv.»

*Et liv jeg nå eier som aldri kan dø.
For Kristus, det evige liv.
Fikk plass i mitt hjerte som spirende frø.
Har oppreist det nedbrutte siv.
Så er da all tomhet for alltid forbi.
Tross alt hva som segnet og falt.
Mitt liv står i flor og i full harmoni.
For Kristus er nå blitt mitt alt.*

Georg Larsen

Alt i maling,
golvbelegg og gardiner.

Fannrem Farvehandel

Tlf. 82332

FORSIKRING! !

Ta kontakt med oss.

Orkla Brannkasse

GJENSIDIGE

Tlf. 86725 - 80744

Velkommen til
julehandel hos

Arne Eriksen As.

7320 Fannrem

Velkommen til julehandel.

Orkdal Handelsgartneri

7320 Fannrem

Gog jul ønskes alle
våre abonnenter

Orkdal Elverk

Hoff Begravelsesbyrå

ordner alt ved begravelser
og kremasjoner
samvittighetsfullt.
Tlf. (074) 80183

Orkanger.

Festdagar med Gordon Johnsen i Orkdal



Gordon Johnsen m. frue.

Vi var mange som såg fram med glede og forventning til å få sitte under Gordon Johnsen talerstol igjen og ta til oss av hans rike forråd av livserfaringar og gode råd. — Og 3 rike dagar vart det, ei helg vi vil minnst og arbeide med i tankane våre. — Og undrar oss gjer vi og over at ein 74 åring som ikkje har spart seg i livet, verkeleg kunne vera så vital. — Til dykk alle som fekk lytte denne gongen, og de mange som ikkje fekk oppleve det, kan eg seie: Vi arbeider alt med eit nytt besøk av Gordon Johnsen til Orkdal.

«Samlivets vitaminer» var Gordon Johnsen tema fredag kveld på Vår-heim-kveld på Svorkmo Samfunnshus. Johnsen hadde publikum i sanning med seg. Det var stilt i det nesten fullsette Samfunnshus under

hans foredrag. Vi treng slike råd frå livets erfaring frå ein som har arbeidd med samlivet mellom mann og kone i over 40 år. Han førte oss inn i dei seks forskjellige vitaminer som han har komme fram til. Først dette med å vere open. Så fekke vi innblikk i tillitens vitamin, nærhetens vitamin, omhetens vitamin, trygghetens vitamin og sist men ikkje minst tilgjevingas vitamin.


Gordon Johnsen sit inne med mykje kunnskap og fletta saman med lang erfaring vert det så mykje meir livsnært for oss. — Og alle fekk vi anbefalt å kjøpe boka hans som kom ut etter TV-serien «Samlivets vitaminer».

Festkvelden på Svorkmo opna med allsang der diktarane førte oss inn i kjærleikens vår og like inn i ekteskapets trygge hamn. Vi fekk dessutan ei kunstnerisk rik oppleving ved Åse og Ingvald Flaten frå Oppdal. Åse Flaten gav oss fine glytt inn i sin eigen heim og arven den gav henne. Og innimellom sang og deklamerte ho diktarord om heimens rikdom. — Og tid til å prate saman og kose oss med blautkaker fekk vi og. Heile kvelden vart avrunda med ein kort andakt av Aasen. Våre gjestar gav oss ei oppleving rikare, og vi gled oss til neste Vår-heim-kveld 25 januar med Arne Grimstad.

Det var Familieutvalget i Orkland Menighet som stod som innbyder til dette besøket. Det nystarta Familieutvalget har som virkefelt å få istand arrangement der heile familien kan vere med: Til vanleg ei samling i månaden. Men dessutan satsar vi på 4 foreldresamlingar i året, såkalla «Vår-heim-kevdar». Dette er kulturkveldar/festkveldar der alle er velkomne, men spesielt er alle foreldre velkomne.

Laurdag kveld var det så stor kulturkveld/festkveld i Megården bedehus på Fannrem med fullt hu. Her hadde Johnsen valgt temaet: «Kriser i det voksne menneskets personlighetsliv».

Her kom det fram mange nye tankar for tilhøyrarane. Han tok oss med inn i krisa som ofte kjem i 35 - 40 årsalderen. Det er tida da



Modum Bad.

mannen er på høgda i sitt liv. Tida der han sluttar å drøyme om å bli noko anna enn det han er osv. — Det er viktig for oss å vite kva slags kriser dei fleste menneske må gjennomleve og korleis desse krisene artar seg. Da vert vi budde på dei og kan gjennomleva krisene på ein slik måte at det vert til vokster for personlegdomen vår. Det var spesielt mannens utvikling og kriser Johnsen trekte fram denne kvelden. Han trekte så fram den andre store krisa, første del av femtiåra, da mannen ofte gjennomgår veldige brytningar i sitt kjensleliv. — Og så til slutt alderdomskrisa da livet er i ferd med å ebbe ut. — Da er det trygt å ha sikkert ankerfeste. Vere trygg på Guds nåde og kjærleik i Jesus Kristus. På ein tankevekkande måte fekke Johnsen gitt oss del i evangeliet denne kvelden.

Men kulturkvelden hadde rikholdig program. Vi fekk lytte til fin diktopplesning av Åsbjørg Svare. Ho las og eit vakkert dikt av henne sjølv «Fjellklokka», og så eit talande dikt om bønn.

Orkland Mannskor gledde oss med fleire songar, og Anders P. Kvaale skildra Bjørnsons «Kle

fjellet» på ein levande og fin måte. Ja, finst det i vårt land nokon som kan lese dette betre enn Kvaale? — Neppe! Kvaale fekk fram livsnervai stykket. Han fekk oss til å dra på smilebandet rett ofte, men vi fekk og glytte inn i det som ligg bak. Det Bjørnson ville seie oss. Musikkk fekk vi ved Olav Sjømeling. Festen vart leda av soknerådsformann Ivar Konrad Gangås og prost Rogstad og heldt andakt. Soknerådet spanderte kaffe og gode kaker og dei framførte gav så ei stor gave til Modum Bad og Nervesanatorium... Vi treng slike kveldar i kyrkjelydane våre! Dei berikar oss!

Festdagane vart avslutta med gudsteneste i Moe kyrkje der eit par hundre var møtt fram. Her fekk Johnsen vise oss inn i evangeliet i å gi, og det vart gjeve ei fin gave til Modum.

Alle Johnsen vener i Orkdal takkar han for rike dagar og vonar at han framleis må få helse til å gi av alt han sit inne med. Vi gled oss til å møte han igjen i dalen vår. Ekstra gledeleg var det for oss at du hadde med deg di Inga. Ta henne med neste gong også!

Bertel Aasen

Orkanger menighet

Tenkveld

i Orkanger bedehus torsdag 6.12. kl. 19.00. Filmen «Gjesten» vises.

Eldretreff

på Orkanger aldersheim lørdag 8.12. kl. 17.00. Sang av Orkanger musikkdag. Sogneprest Olsen deltar. Alle eldre på Orkanger er som vanlig velkommen.

Orkanger Indremisjon

har bibeltid hos Edith og Egil Singstad torsdag 13.12. kl. 20.00. Audun Slettahjell taler over temaet: Tro og gjerninger.

Menighetens juletefest

blir arrangert i Orkanger bedehus fredag 28.12. (4. juledag) kl. 18.00. Musikkk av familien Kiplesund. Tale ved Ottar Kiplesund.

Rute for konfirmasjonane 1980.

04.05. Konfirmasjon i Moe k.

Konfirmasjon i Orkanger k.

11.05. Konfirmasjon i Geitastrand k.

Konfirmasjon i Orkdal k.

Telefonliste

Soknepresten i Orkdal 82142

Res.kap. i Orkdal 84188

Kalls.kap. i Orkdal 80589

Erling Hoff, organist 80472

Jakobsen, organist 84267

Sjømeling, organist 82322

Indergård, klokker 84533

Kjøren, klokker 83453

Engen, klokker 82435

Fandrem, kirketener 82476

Stokke, kirketener 80564

Sandstad, kirketener 84158

Gunnar Melås

Ass. handelsforretning

Mobil diesel, bensin og olje.

STOKKHAUGEN

Tlf. 83829

Kr. Soligård

Aut. Rørlegger

7300 Orkanger

En god jul ønskes alle.

Familien samlet i jula?

Bestill time for fotografering.

Fotograf J. Sødahl

Tlf. 80259

Orkanger

Alt i driftsmidler
til landbruket

as **GUNNAR**
BIRKELAND

Trondheim

Toro og Ariens
snøfresere
salg og service

Einar Snøsen & Co.

Tlf. 82197 - Fannrem

Orkdal Meieri

Tlf. 074/82100

7320 Fannrem

Orkland menighet

Juletreffstar

2. juledag kl. 16.00: Søndagsskolejule-
treffest på Svorkmo Misjonshus.

28. des. kl. 19.30: Speidarjuletreffest på
Svorkmo Misjonshus.

29. des. kl. 19.30: Ungdomsforeningas
juletreffest på Svorkmo Misjonshus.
Arr.: Svorkmo I.U.F.

Eldres kyrkjedag

6. jan kl. 11.00. i Moe kyrkje. Den da-
gen vert alle eldre spesielt innbedne.
Vi reknar med å ha korsang under
gudstenesta. Etter gudstenesta vert
det kyrkjekaffe på Misjonshuset der
vi også får sang. Dessutan juletre-
gang for dei som ønskjer det. Kyrkje-
bussen går.

Ungdomsarbeidet

18. jan. kl. 19.30. Arets første Ten-
kveld. Og denne gongen på Grøtte
Ungdomsskole i samarbeid med Ork-
dal menighet. Vi viser filmen frå kon-
firmantdagane på Mjuklia. Elles sang
og underholdning som vanleg.

Vår-heim-kveld

25. jan. kl. 20.00 i Svorkmo Samfunns-
hus. Vi får vitjing av Arne Grimstad
som skulle vere kjent gjennom uttal-
lige radioprogram. Han vil kásere og
synge om heimen. Det vert sang av
Orkdal Ungdomskor. Bevertning og
utlodning.

Møteaksjon i Moe kyrkje

Igjen vil vi minne dykk om at i tida
12 - 24 februar vert det ein møteserie
i Moe kyrkje ved evangelist Helge
Gudmundsen. Det vert sangkrefter
kvar kveld. I neste kyrkjeblad får du
detaljert oversikt over møta.

Ungdomsweek-end på Søvassli

1. - 3. febr. vert det week-end for alle
ungdomsskoleelevar og eldre ungdom-
mar frå Orkland sogn på Søvassli
Ungdomssenter. Kryss av helga. Det
vert variert program med film, bibel-
time, hyggekveld og mykje fritid.

Bibeltime

i Svorkmo Misjonshus 9.1. v. prost
Rogstad.

20. Anders Skrondal 1923 - 1955

Anders Skrondal vart den
tjugande soknepresten i Orkdal.
Han vart fødd i Kyrkås i Jemt-
land 14.8. 1885. Foreldra var
bonde og ingeniør Hans Sivert-
sen og Dordi Jakobsdtr. f. Sæther.
Faren var frå Nesset og mora
frå Øksendal. I Øksendal vaks
også Skrondal opp. I «student-
ane frå 1909» fortel han om seg
sjøl i korte riss: «Voldens pri-
vate millomskule 1903 - 04. Stu-
dent frå St. Hanshaugens skule
1909. Teol. embetsprøve med
laud(U) 1915. Praktikum med
haud s.å. 1916 stiftskapellan i
Bjørgvin».

Seinare kan vi fylgja han slik
på embetsvegen: Styrte ymse
sokneprestembeter m.a. i heim-
bygda si heile 5 år (1924 - 29). I
1933 vart han sokneprest her i
Orkdal. Han var også prost i
Orkdal prosti 1938 - 55.

Skrondal hadde alt frå sin tid-
lege ungdom stor hug til historis-
ke sysler. Det var særleg ånds-
og kyrkjesoga som opptok han.
I studietida hadde han stipend
av prof. Fr. Petersens fond og
Hjelmstjerne-Rosencronske legat
for å studera nyare norsk ånds-
historie. I 1930 tok han doktor-
graden ved Oslo Universitet.
Doktoravhandlinga hans heitte:
«Grundtvig og Noreg 1812 -
1872». Dette førte til at han fekk
stipend av Nansenfondet både i
1930 og 31. Vinteren 1931 - 32
vikarierte han for professor Oluf
Kolsrud som forelesar i norsk
kyrkjesoge ved Oslo Uuniversitet.

Skrondal heldt fram med sine
kyrkjehistoriske og lokallistoris-
ke studier også etter at han vart
prest i Orkdal. Ved sida av
prestegjeringa vann han å gjeva
ut: «Grundtvigianismen i Noreg.
Kyrkje og skule 1872 - 1890»
(1936). Det var eit framhald av
doktoravhandlinga. I 1939 ga han
ut: «Peter Olivarius Bugge og
Det kongelige norske videnskab-
ers selskab 1804 - 1820». I 1940
kom: Kristendom og fritenking i
norsk Åndsliv 1876 - 94», og i

1946 «Skulen og kyrkja». I 1945
var han medarbeidar i «Orkdals-
boka». I åra 1958 - 68 ga han ut
Orkdalsboka i fire bind. Med det-
te verket sette han seg eit varig
minne i det bygdelag han fekk
tena i 22 år.

Han var medlem både av: «Det
kgf. norske Videnskabers sel-
skab» i Trondheim og «Det nor-
ske Videnskaps-Akademi i Oslo».
Han var formann i Orkdal skole-
styre ein bolk og også formann i
styret for Orkdal off. Lands-
gymnas.

I 1919 vart han gift med Kjel-
laug Eikeland fra Bremanger (f.
9.2. 1889). 3 barn: 1. Kristoffer
f. 1920, lektor ved Mosjøen
komm. høgere almenskole, gift
med Inger Teveldal (ho døyde
i 1977).

2. Dagrún — student — gift med
avdelingsing. Sverre Kongsgaard.
Bur i Bærum.

3. Jon — student — salgsrepre-
sentant — gift med Målfrid Mo-
en — bur i Trondheim.

Kjellaug Skrondal døyde 28.3.
1977 og Anders Skrondal 20.12.
same år. Dei er gravlagt på Ork-
dal kyrkjegard.

HELGA VAKT

08. - 10. des. A. Sletthajell

15. - 17. des. B. Aasen

22. - 24. des. K. Rogstad

25. - 26. des. A. Sletthajell

29. - 31. des. B. Aasen

01. - 02. jan. K. Rogstad

05. - 07. jan. A. Sletthajell

12. - 14. jan. B. Aasen

19. - 21. jan. K. Rogstad

TAKK!

Sigrid Mælen har gitt ein stor
trearma lysestake til Søvassli
Fjellkirke!

PETTER DASS

Nordlandspresten Petter Dass
var født på gården store Herøi
i Helgeland juli 1645 og døde den

8. september 1707 61 år gammel.
Han døde av Stensmerte (pro-
stata), og dette er hans siste
dikt.

*En krop oppfyldt med grus og sten,
har tusind gange bræk og men,
Jeg tror den ei med pen og fjær
utskrives kan så som den er.*

*Jeg har hoss meg befundet det,
Jeg er av pinen træt og mæt.
Jeg ønsker titt al verdens vei.
Jeg ønsker døden, dør dog ei.*

*Hvad byrde meg er forespendt,
er den alvidend Gud bekjent
en annen til og fra kan gå,
men jeg er den der pines må.*

*En okse hver dag for ploegen går,
har tusind gange bedre kår,
utstår den dagens slid og sved
så har den dog om natten fred.*

*Men jeg må pines dag og stund,
om natten for jeg ei en blund,
Mit liv må revne mitt i to
hvorledes skal jeg finne ro?*

*Skal jeg en dråpe av meg få
det er som ånden ut vi gå,
Ret lige som en syl og kniv
står mitt igjennom lem og liv.*

*I fem år har jeg været svak
og aldri hadt en rolig dag.
Forløs meg nu min fromme Gud
det sjette år av fengslet ut.*

*Jeg din disipel har behov,
at jeg av skolen får forlov.
Skarp skolemester har du hvert
men gudske lov for hvert et snert.*

*Har jeg o Gud fortørnet deg
så har du nu hudflettet meg,*

*at jeg er om og om bespendt
jeg for den lønn, jeg har fortjent.*

*Men når jeg hen til andre ser,
som er av samme malm og ler.
Da synes deres lidelser
slet intet mot min verk og ve.*

*Ja mange mellem seg har spurt
hvad mon den arme mand har gjort,
at han så pines dag og natt
er andre til eksempel sat?*

*Dog hvor med andres domme går
min sykdom har de samme kår.
Om himmel, jord, om land og vei
meg ynke vil det hjælper ei.*

*Min hustru som vel mangen gang
har hørt min sukk og jammersang,
der neppelig på hvilket sted
hun være vil for ynksomhed.*

*Og om min pine fattes prov
og flere skudsmål har behov,
Spør hver en stolpe og hvert bret
som er udi mit sengested.*

*Spør bjelkene i huset her
spør døre, vægge, tak og spør
spør bord og bænke de skal deg
fortelle hvor det er med meg.*

*Jeg har båret hitintil
de foster som meg dræpe vil.
I fem år har jeg båret det
ti må jeg engang være træt,*

*O Gud alle verdens frelser mand
som alle ting forandre kan
forandre du min sorg, min nød,
og gi meg så en salig død.*

Overnatting, middag,
selskaper, kafé.
Tar imot begravelser

Fannrem Kafé

Tlf. 82389

Vi ønsker alle våre
forbindelser ei
riktig god jul!

Bøndernes Salgslag

Fannrem

Alltid et godt tilbud hos



Telefon 80238 - 7300 Orkanger

Mye pent i damekjoler
ankommet.

Julegavetipsene er mange
og gode hos oss.

H. Hukkelås

Tlf. 80588 Orkanger

Orkanger Ur og Optikk

Verner Svensson

7300 ORKANGER

Telefon (074) 80 195

TIL JUL

Dagligvarer Leker
Ekstra godt utvalg
i duker og gaveting
Medisinutsalg

Erik Leland A.s

Tlf. 82280



God Jul!



Torfinn Svartes tankar

Alt går framover her i verda. Sjø til dømes kor jula har gått framover. No strekker denne høgtida seg over minst to månader. Frå sist i november til langt ut i januar. I min barndom vart det helg og høgtid fyrst juleaftan når høgtida vart innringt. No presenterar handelsbuer og varehus jula i små porsjonar utetter heile advent — slik at både for små og store born er jula heilt utvatna når ho endeleg kjem. Og dessutan så har ein ny hovudperson langt på veg tatt plassen Jesusbarnet skulle ha. Det er nissen, den gamle underjordingen — tomten. Han har tatt på seg ein slag engelsk — trur eg — habbitt og freistar seg som ein kramkar i førejulsveke. Når han sett iveg med det store rabalderet sitt så bær de laust med julebord, julegater, førejulsfestar, julekort og pakkesjau på posthu-

set. Og sanneleg trur eg det held på heilt til vi skriv februar. Ikkje rart av i har fått det travelt. Det er snart berre ein gamal kårmann som har tid til å tenkja på juleved og julefred.

Ungkona strauk på bygda både igår og idag. Og sanneleg er det visst slik at ho skal avgarde i morgon og. Det er både de unges — og de eldre sanitet, misjonslag og husmorlag og kva det no ikkje er. Emmerense er ikkje stort likare ho hell. Rett som det er, fer ho å fyk borte, så det mest ikkje finns kvinnfolk heime til å koka ein aldri så ørliten kaffisup. Om det så er bonden sjølv så har han det annsam med så mange ting. Så er det sauallslaget, så er det bondelaget og så — —. Ja, det fører ikkje til noko å rekna opp alt.

Torfinn.

Det er eit oppjaga tempo over folk. Om eg skal våga meg til å bruka moderne uttrykk, så vil eg beint fram kalla det masets psykologi. Det er det som held på å breider seg i stendig vidare ringar utetter bygdelaga og. Kunne ikkje byfolk ha fått hatt denne sjuka for seg sjølv? Resultata må syna seg på eit eller anna vis. Borna går der og ventar på jula så lenge at når dei har vore med på juletretenning ute på fire-fem stader — arrangert av ivrige velforeningar — som ikkje ansar at dei går handelens ærend, så vert den heilage forventning heilt borte, når far tenner heimen sitt vesle juletre på helgekvalden. Husmora har baka, brygga og vaska så lenge at ho stupar seg i seng den same kveld, og husfaren sit der og undrast på kor siste lønning frå meieriet har tatt vegen, enda så stor ho var denne julemånaden.

Slik held jula på å verta borte, midt i det tusenbeinkrypende julestrev. Det er ekstra trist når ein veit at menneskja i vår generasjon meire enn nokon gong før lengtar etter og treng jula, med heile sin fylde av innhald, Fred, Glede og Ro i sinnet.

Ikkje godt å bli gamal

Det er mange år sidan eg møtte han første gongen. Han var nett blitt kårmann og ilag med kona hadde han nyss flytt inn i ei flunkande ny kårstuggu. Eg var nett komen til bygda hans som lærar. Han møtte meg i tunet med ein spenstig gange og eit kraftig handtrykk. To kvasse blå auge feste seg i mine — vurderande. Andletet var bronbarka og verbete — full av rukk. Over dei heile kransa seg ein sølvgrå hårmanke. Han var hovding — ein stolt bærer av arv — odel og ætt, — og kom for meg å vera ein av dei gamle, djerpe vikingar.

Eg hadde høyrd om han at han var ein flink bonde. Jorda hadde han odla til god hevd. Jordvegen var mangedobla i hans tid. Nye maskinreidskap hadde hjulpet han til det. Både driftsbygning og våningshus hadde han reist. Det siste var kårstuggu. Den låg moderne og lettvent noko tilsides frå tunet.

No hadde han og kona invitert nokre vener, slektningar og naboar for å halda som eitslag innvigsle på nybygget og kårtilvære.

Han var byrg og hadde grunn til å vera det. Attåt alt det meir hadde desse ektefolka fostra rett mange born. Utdaning hadde foreldra skaffa dei heilt opp til universitetet og høgskoleplan. No sat dei som lækjarar, lektorar og sjukeystre rundt ikring og «alle var dei godt gifte», som far deira sa. Det var no berre Jens (Vi kallar han slik) som ikkje vart anna enn ekspeditør inni byen. Det var kårmannen sjølv som målbar seg slik.

I talen han heldt for oss, kom han inn på mange ting: På menneskets vilje, som han meinte var største drivkrafta vi kunne eige. Med viljen kunne ein nå alle dei mål ein sjølv sette seg. På valordninga, som han meinte var øydelagt dengongen ein gjekk over frå einmanns — til fleirmanns valkrinsar. Han svinga og talen innom alt som var ut-

retta i kommunen i dei tjuge år han sat som ordførar. Mot storting og styringsverk var han heller streng. «Duglause menn kom så lett inn der einast avdi dei sto i eit parti», meinte han. Tilslutt kom han inn på ungfolket og kona si. Han var tydeleg stolt av at verdottra var adjunkt på ungdomsskolen nedi bygda. I same slengen nemnde han «mitt Viv», — «Ho Oline (vi lar ho heite det) var no berre kjerring ho, — olært som eg sjølv, veit dykk. Ja, ja, eg hadde no ein skarve landbruksskole eg da. Det var ikkje så lite det, — den tida, huhh, huhh.»

I samrøda etterpå var eg frimodig nok til å segja: «Du har sanneleg vore under Guds velsigning». Han såg noko forstøkt på meg og svara: «Om nokon er under velsigning, så er det avdi dei samstundes har vore sin eigen lykkes smed. Ein må bokstaveleg tala arbeide for å koma inn under velsigninga.» Vi vart ikkje heilt samde. Han ville tydelegvis vera ein sjølvstendig mann. Men han var sanneleg ein ærleg mann også, da han sa: «Det er vel helst ho Oline som er under Guds velsigning. Det er ho som ber for oss begge.»

Så heldt eg den andakta — han hadde bede meg om, da han inviterte. Den rosa han og sa var god. Før eg gjekk — fekk eg plassert den replikk at ein tala



var god berre når den fekk koma inn i eit menneskje og der bera frukt.

Eit par år seinare var eg med ved gravferda hennar Oline. Han var den same staute, sterke bonden. Han skulle nok greie å stella seg sjølv i mange år enda. Middag skulle han få eta ilag med ungfolka. «Kven skal ordna med bøna, no når Oline er borte da?» Han såg kvasst på meg, men svara ikkje.

Vi kom meir på avstand frå kvarandre — da eg vart tilsett i ei anna bygd. Sporadisk fekk eg høyra at han skranta noko og at det ikkje gjekk så godt mellom ungfolka og han. Om verdottra brukte han etterkvart å segja: «Ho skulle halda seg meire heime. Ungane treng å få sjå mor si, og eg — eg —. Ja, ho Oline sytte no av kårfolka sine ho. Mor mi låg på senga i tre år — og Oline stelte likare enn ei sjukeyster. Slik var det no dengongen, men no — —.»

Eitpar år seinare var han komen på ein privat pleieheim i nabobygda, fekk vi spurt. I jula fekk eg høve til å fara innom han. Eg hugsar ikkje sikkert — men eg trur det var 5tedag jul. «Det kom blommar frå dei alle», sa han og meinte på barna sine. «Ja, konfekt og lesestoff sendte dei også, men berre Jens og kona hans tok seg tid til å koma hit juleaftan. Dei ville forresten ha meg heim til seg i jula, men du veit, da laut eg ha ligge på stovedivanen. Ingen av dei andre barna mine kom med nokon invitasjon. Det kunne no elles ha vore triveleg å ha fått koma heim ein tur. Eg er no ikkje kleinare.»

Ved sommarsleite fekk eg brev frå han. Eg måtte ved hendt høve svinga meg innom han. I september var eg der. «Sjå her», sa han, «her er kort frå alle sommarturane dei har vore på: Kanariøyane, Costa del Sol, Aten og Roma.» «Du har vidfarande etterkomarar», meinte eg. «Det rullar vikingeblood i dei.» «Dei har ikkje tid til å sjå om ein gamal far», svara han. «Alt dei sjølv har hug til, har dei tid til. For å sjå om meg strekk ikkje hugen og vilja til. Men no skal du som er skolemeister læra meg

8,5% RENTE
UTEN OPPSIGELSE

Forretningsbankens nye kontosystem

Vi betaler mer og gjør det enklere for deg

1 BRUKSKONTO
2 SPAREKONTO
3 FLEKSKONTO

Det vil lønne seg

Forretningsbanken a/s
DISTRIBETSBANKEN MED STORBANKENS FORDELER

å be. Hjelpa meg å be», retta han det til. «Eg har visst aldri kunna det, — har vore for sjølvhjelpen og stolt.» Ilag freista vi så å få orden på bøna og før eg gjekk, sa han at no kjende han seg under velsigning. Han fylgde meg til dørs og ropa etter meg at han Jens og kona hans, dei såg om han rett som det var.

Første veka i advent var han død og eg reiste til gravferda. Det vart eit heiderleg minnesamvær både i kyrkje og misjonshus. Odelsmannen helste frå garden, jorda og ætterøtene, som han sa. Overlækjaren takka frå borna og roste faren som hadde sytt for at dei fekk god utdanning.

Ordføraren takka frå kommunen.

Ei tid etter traff eg styraren for pleieheimen, som fortalde. «Han var hjå oss i 14 mnd. På dette lange året var det berre Jens og kona hans som såg om han. Ingen av dei andre hadde tatt seg tid.» Da høyrdes som eit ekko i øyra mine: «Det er no berre han Jens — som ikkje vart noko anna enn ekspeditør inni byen.» «Velsigna Jens», tenkte eg. «Utan at du kanskje sjølv visste det, vart du bærer av velsigninga, avdi du heldt det 4. bodet.»

K. R.

*Jul,
med din glede!*



var saktens fine nok, men hun merket nok godt at kjærligheten bak manglet.

Det var vemodig å være vitne til en slik avskjed, og ikke minst da hun strøk sin tiårsgamle datter over kinnene, vel vitende om om at det sannsynligvis var for siste gang.

Idyllisk landsbysamfunn?

Den tapte iallefall noe av sin glans etter dette.

Liv Kari Nesland
(NMS-misjonær i Madagaskar)

Madagaskar:

Idyllens kjærlighetsløse bakside

Vi kjører en times tid gjennom skog, forbi landsbyer. Til sist er vi fremme i hjembyen til en av våre pasienter. En vanlig landsby. Jordhyttene ligger der side og side, og folket er opptatt hver med sitt: Kveldsrisen skal støtes og renses, vann må bæres, og en tur i skogen for å finne ved er også nødvendig. Barna springer omkring her som andre steder, glad og fornøyd. Et fredelig sted ennå ikke ødelagt av vestens kultur og den moderne tids mas og jag. En kunne fristes til å ville slå seg til en tid for å nyte freden og idyllen — en idyll som også misjonærene er blitt beskyldt for å ha vært med å ødelegge.

Men vi skulle få oppleve en annen side ved dette idylliske landsbysamfunnet. Vårt ærend var å besøke familien til en av pasientene våre. Hun trenger ikke være på Bekoaka for sin spedalskhets skyld, og plassen trenges av andre. Hun har reist

hjem flere ganger, men har hver gang kommet tilbake etter en måneds tid — skitten og vanstelt. Så skulle vi altså hjem til familien hennes for å spørre om de ville ta seg av henne eller om hun kunne få flytte til Mangarano — der har de bedre plass til slike enn her hos oss, — noe som i praksis betyr at de sannsynligvis aldri kommer til å se henne igjen.

Svaret var nokså kaldt og hjerteløst: «Vi har overlatt henne til dere, enten hun lever eller dør kan dere ha henne, dere kan begrave henne, og vil dere flytte henne til Mangarano har vi ingenting å si til det».

Hun er ikke førti år ennå denne pasienten vår, men er mentalt tilbakestående og avhengig av andres hjelp og støtte, noe familien altså ikke var villig til å gi.

Var «velkomsten» kjøl, var ikke avskjeden noe bedre. Ordene

Ei lita julenøtt

Her er det tre barnebiletter av tre menn som alle bor i Orkdal prestegjeld idag. Alle har eit yrke som har med mangmannen å gjera. Menighetsbladet inviterer til konkurranse med desse tre bilete som objekt. Det gjeld å gjette kven desse er. Nr. 1, nr. 2 og nr. 3. Vi set opp ein liten premie for dei først uttrekte rette svar. Redaktøren må ha svara seinast 7. januar.



Nr. 1



Nr. 2



Nr. 3

KINA - landet som kommer så mange hemmeligheter

Dette fortalte David Wang under en møteserie i Japan.

Før kommunistenes tid i Kina, var det en liten pike som gikk til søndagsskole, og fulgte med i sin Bibel og sangbok. Men da kommunistene inntok landet, sluttet denne piken å gå til kirke, kastet Bibelen og sangboka, og oppga endog troen. Men etter kultur-revolusjonen oppdaget hun at det ikke var noen tilfredsstillelse verken i kommunisme eller revolusjon.

Så begynte hun å søke, og Jesu navn dukket fram i minnet fra søndagsskolen. Hun ble en kristen. Men nå hadde hun verken bibel, sangbok eller noe annet å finne åndelig næring eller

kunnskap i. Hun hadde bare minnene å søke tilbake til.

Hun var nå gift og begynte å vitne for sin mann. Ikke med overbevisende ord, men med et nyskapt liv. Denne hans kone som hadde vært preget av misnøye, utilfredshet og klage, var nå blitt en strålende og glad kristen!

Så ble mannen ledet til Gud. Han ble også omskapt, og gikk hjem og ledet sin far til Gud! Den gamle mannen ble også forandret, og med ham ble hele familien kristen.

Familien har nå sine regelmessige familiegudstjenester, og hjemmet er blitt et sted hvor David Wang og andre medarbeidere har fått lagre bibler.

Utenom dette drar familien ut i hver en ferie de har, bor hos andre familier, og vitner der om sin Frelser. Slik legges stadig nye til Guds familie.

Gudstjenesten de har artet seg slik:

Hviskende synges sanger og like stille ber de for hverandre. Så kommer hver frem med sine sorger og gleder, og til slutt er alle med på å legge ut Ordet, slik de selv har forstått det, gjørne med en forbindelse til dagliglivet —.

Det hele er svært enkelt og uformelt, men ekte og solid.

La dette være en oppmuntring til deg som ber for Kina!

Ingrid Aske
(NMS-misjonær i Japan)

VELKOMEN TIL KYRKJA

24.12. Juleaftan

Orkdal sjukehus kl. 13. Juleandakt v. res kap. Aasen.

Orkdal sjuke- og aldersheim kl. 13. Juleandakt v. kalls. kap. Slettahjell.

Orkanger aldersheim kl. 13. Juleandakt v. prost Rogstad.

Orkdal k. kl. 16. Barnegudst. v. prost Rogstad. Offer til Søvasskjølen fjellkyrkje.

Orkanger k. kl. 16. Barnegudst. v. kalls. kap. Slettahjell. Offer til barne- og ungdomsarb.

Moe k. kl. 16. Barne gudst. v. res. kap. Aasen. Offer til menighetsarb.



Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Santalmisjonen.

Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Slettahjell. Offer til Indremisjonen.

6.1. Kristi Apenb. d.

Orkdal k. kl. 11 Høgmesse v. res. kap. Slettahjell. Offer til menighetsarb.

Moe k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen. Eldres kyrkjedag. Offer til menighetsarb.

25.12. juledag.

Orkdal k. kl. 11. Høgtidsgudst. v. prost Rogstad. Offer til N.M.S.

Orkanger k. kl. 11. Høgtidsgudst. v. kalls. kap. Slettahjell. Offer til N.M.S.

Moe k kl. 11 Høgtidsgudst. v. res. kap. Aasen. Offer til N.M.S.

Geitastrand k. kl. 15. Høgtidsgudst. v. prost Rogstad. Offer til N.M.S. Buss frå Råbygda og Husdalen.

Orkdal k. kl. 20. Julekonsert.

26.12. 2. juledag

Orkdal k. kl. 12. Dåpshøgtid v. kalls. kap. Slettahjell for heimar som vil ha dåp i jula.

31.12. nyttårsaftan

Moe k. kl. 20. Kveldsmesse m. skriftemål v. res. kap. Aasen.

Orkanger k. kl. 18. Kyrkjekonsert.

1.1. nyttårsdag

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen. Offer til Den Norske sjømannsmisjon.

13.1. 1. s. e. kr. åpb. dag.

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til barne- og ungdomsarb.

Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen. Offer til Menighetsfakultetet.

20.1. 2. s. e. Kr. åpb. s.

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til arb. bl. eldre.

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. kalls. kap. Slettahjell. Offer til nytt Menighetshus.



Framh. frå s. 3.

ble stående ... Sola ble stående midt på himmelen og drygde nesten en hel dag, før den gikk ned» (vers 13). Rommennene sa: «Der er den saknete dagen!» De sjekket komputeren, gikk tilbake til tiden dette hendte og kom til et nesten nøyaktig svar, men ikke nøyaktig nok. Den tapte dagen på Josvas tid var 23 timer og 20 minutter ... ikke et helt døgn. De leste bibelteksten igjen, og der sto det nesten (omtrent) en hel dag.

SOLA GIKK TILBAKE

Disse små ordene i Bibelen er

viktige. Men de var fremdeles i vanskeligheter, for dersom du ikke kan gjøre rede for 40 minutter, vil du få vanskeligheter 1000 år fra nå. 40 minutter måtte finnes, fordi det flerdobles mange ganger i banene. Vel, den kristne kollegaen husket også et sted i Bibelen der det sies at sola gikk tilbake. Romfartsekspertene sa han måtte huske galt. Men de fikk tak i Bibelen på nytt og leste disse ordene i 2. Kong. 20, der Esekias på sitt dødsleie fikk besøk av profeten Esaias, som fortalte ham at han ikke skulle dø. Esekias trodde ham ikke og ba om at et tegn til bevis på dette.

Esaias spurte: «Skal skyggen gå ti streker fram?» Esekias svarte: «Nei, det er en lett sak for skyggen å strekke seg ti streker fram, nei, skyggen skal gå ti streker tilbake.» Da ropte Esaias til Herren, og Herren lot skyggen gå tilbake ti streker.»

Ti streker er nøyaktig 40 minutter i 2. Kong. utgjør de 24 timene som romfartsekspertene måtte føre inn i loggboka som den manglende dag i universet.»

(Evening World — Morgenposten.)